

NVE

Innsendt dato: 14.12.2012

Referansenummer: AGSIWE

Innsending av høyringsfråsegn

Saksopplysningar	
NVE sitt saksnr.:	200708025
Sakstittel	Lille Lindland minikraftverk
Høyringsfråsegn frå:	Privat person

Personopplysningar	
Navn	Astrid Myhre
Adresse	Nærestad
Postnr	4985
Poststad	Vegårshei
e-post	astrid.myhre@risor.vgs.no
Telefon	37169268

Høyringsfråsegn	
Høyringsfråsegn	Eg uttaler meg som eigar av Nærestad, gnr. 32 bnr. 1, ein eigedom som grensar mot store delar av Nærestadvassdraget med fiskerettar, ålfangsrettar og hyttetomter og som biolog med erfaring med arbeid med kulturlandskapsprosjekt, m.a. som leiar av prosjekt for å ta vare på og restaurere kulturminne, naturverdiar og landbruk langs Skjerkavassdraget, eit nabovassdrag til Nærestadvassdraget. Her er dei viktigaste innvendingane mine mot søknaden om Lille Lindland minikraftverk: Generell uttale mot søknaden Nærestadvassdraget er eit varig verna vassdrag ut frå natur- og landskapsverdiar, kulturminne knytt til tradisjonelt skog- og jordbruk, tidlegare sagbruk og fløting. Det går gjennom eit landskap prega av få nyare inngrep. Eg meiner dei negative konsekvensane av ei utbygging er langt større enn dei positive, og at dei negative verknadene av ei utbygging i alle høve må undersøkast og greiast ut nærare, dette gjeld både naturverdiar og kulturminne og verknader for landbruk og busetjing. Det er usikkert korleis raudlistearten ål vil klare å vandre opp og ned Rykanfoss med den vesle minstevassføringa som er føreslått i samband med utbygging av kraftverket. Vassføringa i dette kystnære vassdraget er svært variabel og endrar seg raskt, og det kan vere periodar med lite vassføring også om hausten og våren. Det har vore eit godt ålfiske i Nærestadvassdraget gjennom mange hundreår med aktivt ålfiske med gode fangstar til 1970-80-talet. I søknaden er det søkt om bygging av dam ved Brenteberget ved Ljøsvann, noko som vil hindre overføringa av vatn over til Gjerstadvassdraget og gje 15-20% auka vassgjennomstrøyming i Nærestadvassdraget, jfr. søknaden. Dette bør ikkje søkarane få lov til fordi: 1.Landskapsbiletet langs vassdraget er prega av vasstandsreguleringane gjort på 1500-1800-talet. Vassdraget spelte ei viktig rolle på nasjonalt plan med sagbordlevering frå Nærestadsaga og Simonstadsaga på 8000 - 9000 sagbord årleg dokumentert frå 1620 til Risør, som var viktigaste eksporthavn og største tettstad på Agder på første halvdel av 1600-talet. Brenteberget, det viktigaste kulturminnet i vassdraget frå denne tida, står i dag slik det kan ha vore på 1500-talet då det er fortald om frå Erik Munks tid. Namnet kjem av at berget er sprengt ved bålbreining og vatnpåkasting for å lage løp mellom dei to vassdraga Nærestadvassdraget og Gjerstadvassdraget. Det som i søknaden er kalla reetablering av atthaldsdam ved Ljøsvann, vil i tillegg til å

	øydelegge dette kulturminnet, få betydelege negative konsekvensar både for Nærestadvassdraget og sidedelen av det varig verna Gjerstadvassdraget. Frå Ljøsvann til vassdraget renn ut i Brødbergvannet har dette ekstra vatnet frå Nærestadvassdraget tradisjonelt vore nytta vatnet til kverner og vil få endå mindre vassføring i bekkar som i dag har lite vassføring delar av året. 2. Det er i dag gardsbruk i aktiv drift ved strandkanten langs Lill-Eksjø med omfattande smågrisproduksjon som nyleg er bygd opp av unge brukarar. Jorda på garden og vegen inn til gardsbruket er alt i dag plaga med overvatn ved flaum. Gjødseleponiet deira ligg ikkje mange meter over vasstanden i innsjøen, og fare for ureining av vassdraget blir større ved auka vassgjennomstrøyming. Ved Lill-Eksjø er det også andre bustader i grenda som er utsett ved høg vasstand, likeeins det einaste gardsbruket ved Eksjø, med jord heilt ned mot vatnet. Sjølv ein mindre auke i vasstanden vil gje problem for dei som driv og bur her, og kan gje alvorleg ureining i vassdraget. 3. Nærestadvassdraget har godt fiske med aure og tryte, og det gode fisket saman med strandlinjene langs vassdraget og dei mange små holmane er ei viktig ressurs for friluftsliv og gardbrukarane sine inntekter i form av utleige. Ei endring av vasstanden frå nivået i dag, vil øydelegge for denne bruken av området. Vassdraget har ikkje vore like sterkt ramma av sur nedbør som mange andre vassdrag, og har hatt eit bra til godt fiske i heile perioden med sur nedbør, også i områda over marin grense. 4. Auka vassgjennomstrøyming kan påverke den karakteristiske kantvegetasjon og det rike fuglelivet langs vassdraget. Raudlistearten storlom er observert langs strendene ved Eksjø kvar sommar i meir enn 10 år i hekkesesongen. Arten hekkar på bakken heilt nær vatnet/i vasskanten, og hekkinga kan lett slå feil ved raske kunstige endringar i vasstanden. Hekkesesongen til arten fell saman med perioden då det normalt er låg vasstand i vassdraget, som er den perioden på året då søkarane ønsker å stenge overføringa av vatn til Gjerstadvassdraget. Karakteristisk kantvegetasjon av t.d.myrhatt, guldusk og mjølkerot treng at det er lågare vasstand i blomstringstida om sommaren for å overleve og få reproduksjonssuksess. Dersom det kjem meir vatn frå Ljøsvann nett i denne perioden om sommaren, kan den karakteristiske kantvegetasjonen forsvinne. Det same gjeld det karakteristiske botnegraset som veks på alle dei typiske søglestrendene i vassdraget, og må ha blomestanden over vassflata i denne blomstringsperioden. Istaden kan ein få endring i vegetasjonen mot meir tjønnaks og artar som krypsiv. 5. Verknad av høgare vassgjennomstrøyming på andre kulturminne langs vassdraget. Vegårshei Historielag har registrert og beskrive 77 kulturminner
--	--

langs Nærestadvassdraget. Mange av desse vil bli påverka av endra vasstand, eg vil her legge vekt på nokre av dammanlegga.

Det er sannsynleg at 15-20% auka vassgjennomstrøyming vil gje auka skade på dei eldre dammane og tømmerkonstruksjonane i og rundt damanlegga frå Ljøsvann til dammen ved Langhøl ved Risør grense. Dammane er i ulik stand, men forfallet har skjedd i aukande grad sidan tømmerfløytinga slutta like før 1970.

Dei fleste dammane er frå 17-1800-talet og murte av stein med betydelege innslag av tømmer i luker og renner. Dammane er bygde ut frå vassgjennomstrøyming i vassdraget slik det er når Nærestadvassdraget kan renne over til Gjerstadvassdraget ved Breteberget, som situasjonen var då dammane blei bygde. Desse dammane vil vere utsette for auka nedbryting frå større vassgjennomstrøyming:

5.1. Ljøsvassdammen , steindam ved utløpet av Ljøsvann. Dette er den første dammen vatnet strøymar gjennom etter overføringsholet ved Breteberget. Steindammen har svake punkt og er ikkje så sterk i strukturen, og vil venta kunne rase ved langvarig auka vassgjennomstrøyming. Konsekvensane blir store for området nedanfor dammen, og for sjølve Ljøsvann.

5.2. Saltvassdammen, steindam ved Saltvann (ligg i Gjerstad kommune)

5.3. Øylondammen, relativt solid steindam med 2 løp og delvis øydelagde tømmerrenner av tre. Like nedanfor er det restar etter den eldre (1500-talet) og yngre Simonstadsaga (1700-talet, begge oppgangssager). Dammen demmer opp heile Øylonene, slik at det får store konsekvensar for området om dammen brester, og dei viktige kulturminnene rett nedanfor dammen kan gå tapt.

5.4. Eksjødammen, ved utløpet av den største innsjøen Eksjø, har stemmeluker, trefjøl og andre trestrukturar som ikkje er i så god stand og vil vere utsette ved auka vassgjennomstrøyming. Dette vil gje betydeleg høgare vasstand i Lill-Eksjø som ligg rett nedanfor fossen under Eksjødammen. Mark som har vore dyrka sidan starten på 1700-talet eller tidlegare og framleis er i aktiv bruk, steir og delar av tomter for arbeidsbustader til den tidlegare Nærestadsaga ved utløpet av Lill-Eksjø og gardsbruk frå 1700-talet blir oversvømt eller meir plaga av flaumvatn

5.5. Sagdammen ved utløpet av Lill-Eksjø er ein nyare støypt dam, men det er murar både etter den store Nærestadsaga som vart driven til 1920-talet og skjermar, renner og restar etter ålkar i fossen nedanfor dammen.

5.6. Dammen ved Langhøl nedanfor Rundholt, ein dam i relativt bra stand med ein noko øydelagd tredam (i søknaden står det feilaktig på at dammen nær borte).

Det kunne vore nemt mange andre innvendingar mot søknaden. Søknaden inneheld også mange feil og tendensiøse påstandar, noko som blir for omfattande å ta opp her. NVE må gjerne ta kontakt med meg eller andre av oss grunneigarar som fekk send inn uttale innan fristen, dersom de treng meir informasjon. Eg vil ettersende

	registrert informasjon med fotografi av dei 77 registrerte kulturminna langs vassdraget.
Høyringsfråsegn vedlegg	Ikke angitt
Annan relevant informasjon	Ikke angitt
Vedlegg av bilete og kart	